

# Kunstis-bane er ei energi-bombe



*NED I SKØYTESTILLING: Kunstis-bane er eit kjempeprosjekt både energi- og miljømessig, og er ei god investering også utifrå eit helseaspekt, seier denne trioen i arbeidsgruppa i AKS-77, frå venstre Steinar Mørch, Atle Bergseth og Atle Isaksen.*

**Denne trioen er klar for løpet som skal enda opp med kunstisbane i Knarvik. Anlegget vil også gje ein enorm energimessig gevinst til oppvarming av ein omfattande bygningsmasse, seier Atle Bergseth, Steinar Mørch og Atle Isaksen.**

Utnytting av energien frå ei kunstis-bane kan bli god butikk. Det var ein av konklusjonane då AKS-77 si arbeidsgruppe for kunstisbane i Knarvik presenterte planane for ei engasjert forsamling av idrettslagsfolk, planleggarar, politikarar og administrativ leiing i Lindås kommune. Det store scoopet er at ei stor kunstisbane kan gje rimeleg og miljøvenleg oppvarming av offentlege bygg, næringsbygg og 200-300 bustader.

– Etter å ha sett på ei rekkje kunstisbane-prosjekt har eg knapt nokon stad sett at tilhøva ligg så utmerka til rette for utnytting av fjernvarme-oppvarming enn nettopp her, konstaterer Egill Elvestad. Han er ein av dei fremste ekspertar på kjølesystem og varmpumpe-teknologi her i landet.

– Nordhordlandshallen, sjukeheimen, rådhuset, skulane og det planlagde bustad-

feltet ligg svært godt til som brukarar av fjernvarme, seier Elvestad.

Også professor Bjørn Magnussen ved NTNU i Trondheim understrekar den store energi- og miljøgevinsten som eit kunstis-anlegg utløyser.

– Dette er eit reknestykke som er god butikk, seier han.

Atle Bergseth i Nordhordland skeiseklubb er ikkje i tvil om at bruksgrunnlaget er til stades.

– Slåtthaug har 128 000 gjestar kvar sesong. Det viser litt om den store skøyteinteressa som finst. Interessa er enorm også i Nordhordland, det ser du dei gongane isen ligg lenge nok på vatna våre.

## STOR HELSEGEVINST

– Det første som må gjerast er å få prosjektet til politisk behandling i Lindås kommune, for å få sikra areal til anlegget, seier kommunelege Steinar Mørch, som er med i AKS-77 si arbeidsgruppa for kunstisbane. I ei tid då kroppsøvingsfaget har fått mindre status i skulen, meiner Mørch det ligg ein stor helsegevinst i å få ei kunstisbane.

## 250 ELLER 400 METER

I første omgang er det mest sannsynleg at det blir bygt ei 250 meters bane. Men eldsjelene vil gjerne ha opning for å utvida anlegget til 400 meters anlegg i neste omgang.

– I så fall er eit myrområde like aust for tribuneanlegget på Knarvik stadion det mest eigna området. Men med ei permanent 250 meters bane kan det vera ei god løysing å leggja anlegget ned i den eksisterande grusbana, og leggja kunstgras på toppen, seier Mørch.

## KOSTNADER

– Heilt klart eit veldig spennande prosjekt. Og eg trur det skal vera mogeleg å finna areal til eit kunstisanlegget. Driftsdelen av anlegget ser ut til å vera god kontroll på, men investeringskostnadane blir den største utfordringa, seier kommunalsjef Kåre Jordal i Lindås kommune.

Det vart lufta fleire alternativ for drift av ei kunstisbane. Hovudutfordringa blir grunnlags-investeringane som er nødvendige.

AV ARTHUR KLEIVELAND, NORDHORDLAND